

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Anne Beth Njærheim (V) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er tilsett som folkehelsekoordinator i Bømlo kommune. Njærheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne Beth Njærheim var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Anne Beth Njærheim gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Fylkesvaraordføraren la innstillinga frå utval for kultur, idrett og regional utvikling til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører ordninga med økonomisk tilskot til folkehelsearbeid i kommunane innanfor eksisterande økonomiske rammer og etter noverande fordelingsnøkkel for åra 2017-2019. Det vert teke slikt atterhald: a) tidlegare gjennomføring av kommunesamanslåingar og b) nye føringar i samband med innføring av regionreforma.
2. Spørsmålet om vidare tilskot til folkehelsearbeid frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i fylket skal utgreiast i samband med regionreforma. Bruk av tilskotet til delfinansiering av stilling som folkehelsekoordinator vert avvikla i samband innføring av kommunereforma.
3. Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 145.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 95.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 70.000. pr. år i tilskot. Bergen kommune kan få kr 250.000 i tilskot. Årlege tilskot vert gjeve etter søknad.